

EIN NORSK SKULEKVARDAG.

Ein norsk skulekvardag startar med at du blir henta av skulebussen klokka 07.20, eller 08.40, det kjem an på om du vil kome til skulen tidleg eller litt seinare. Eg plar og ta den bussen som går tidlegast, fordi då får eg betre tid. Viss du tek den bussen som går seinast, har du berre fem minutt på å finne fram rette bøker, til rett time. For å koma inn på bussen må du ha busskort. Busskortet kan du bruke både til og frå skulen.

Når du kjem til skulen finn du fram bøkane til din skrivepult, og når du har gjort det kan du gjere kva du vil. Vi har ikkje skuleklukke som ringar inn når det er time, så klukka må du følge med sjølv.

Når skuledagen startar kl.08.55 må du ha funne bøkar og skrivesakar. Nå må du gjere deg klar til din fyrste time. Når timen er ferdig, har du fem minutt på deg til å finne bøker, gå på do, eller kva du har tenkt til å gjere. Vi har tri timar, med fem minutt mellomrom, og så har vi det vi kallar «midttimen». Den varar i tretti minutt. Den kan du bruke til å eta, gå på do, spele fotball, berre ver ute, eller gå i kantine. I Noreg har vi noko som vi kallar «miste», det er maten du pakkar med deg frå heime som du må eta i midttimen. Viss du skal gå i kantina kostar det pengar. Etter midttimen er det klart for tre timar att.

Når dei tre timane er over, er skuledagen over også. Då må du pakke bøkane du skal ha med deg heim, viss du har fått heimeleikse. Når du er ferdig pakka å fått med deg alt du skal ha med deg heim, må du gå ned til busshaldeplassen. For å få inn på bussen må du «pipe» kortet. Då tek du berre kortet inn mot ein boks til du høyrar det pip. Då kan du sette deg på bussen, heilt til du er heime. For at bussføraren skal vite at du skal av må du trykke på ein «stoppknapp». Stoppknappen er oppe i taket på bussen.

Nokre reglar/viktig info for/om skulen:

- Viss du ikkje har funne fram bøkane til timen får du «raudlapp».
- Det er ikkje lov med tyggegummi på skula.
- Det er ikkje lov med telefon i timane, men i midttimen.
- Det er ikkje lov å springe i gangen.

Kledereglar: Vi har ikkje skuleuniform, men vi har ikkje lov til å ha lue i timane. Vi må ha passande klede for skula, og ikkje gå med for store utringingar.

Vi har ikkje historie, og vi har geografi og samfunnsfag i ein time. Når vi får karakter får vi ikkje «A,B,C,D,E,F» men «1-6». 1 er dårlegast og 6 er best. Vi har også pluss og minus, viss du får pluss er det ein sterk 6, viss du får minus er det ein svak 6.

Vi har skap som vi har bøker i, men i dei skapa har vi ikkje noko anna. Vi har også frukt som vi får som vi kan ete når det er mat.

I timane, sit vi i ro, og enten høyrar på læraren eller så jobbar vi med forskjellige oppgåver. Vi har innleveringar og prøvar.

Vi har også Juleball. Der dansar vi, kler oss i fine kjolar og ordnar håret fint. Der har vi også underholdning, mat og drikke.

Det er ikkje noko spesielt anna du treng å tenkje på. Og eg håpar du likar deg her hjå oss.